



PROTOKOLL

frå årsmøtet i
Vestland Venstre


8. – 9. februar 2020

Scandic Voss, Vossevangen



Bjørn Arne Mjåseth

Årsmøtevald protokollsignatar



Elizabeth Toft Erichsen

Årsmøtevald protokollsignatar

Årsmøtet til Vestland Venstre vart halde på Scandic Voss 8. og 9. februar 2020 med møtestart kl. 11.00 laurdag.

Konstituering ÅM1 - ÅM5

ÅM-1 Opning og namneoppdrag

Møtet vart opna av leiar av interimsstyret, Alfred Bjørlo
Namneoppdrag.

Fullmaktsnemnda v/Jo Lerheim la seinare fram ei innstilling og 114 delegatar vart godkjent.
Fordeling av delegatane på valkrinsane for stortingsvalet 2021 (til sak ÅM-11:
Hordaland 68 og Sogn og Fjordane 46.

Delegatar:

Fylkesstyret Hordaland

1. Åsta Årøen
2. Geir Angeltveit
3. Bjørn Tore Sund
4. Odrun Vellene Vevatne
5. Bård Mangerøy
6. Trude Sletteland (forfall)
7. Ingrid Bjørke Nisamjan
8. Kari Østervold Toft (VKL)
9. Marius Hellan Hindenes (UV)

Fylkesstyret Sogn og Fjordane

10. Jan Henrik Nygård
11. Trude Risnes
12. Astrid Hoffart
13. Gunnar Osland
14. Alfred Bjørlo
15. Gunhild Berge Stang
16. Åge Avedal
17. Ole-Ansger Martini (UV)

Alver Venstre

18. Rolf Nesheim
19. Sveinung Toft
20. Sigstein Århus
21. Agnes Hoshovde Bernes

Askvoll Venstre

22. Torbjørn Solhaug Mjåseth
23. Bjørn Arne Mjåseth
24. Line Rotihaug
25. Malvin Grepstad

Askøy Venstre

26. Marit Helen Leirheim
27. Merethe R. Hopland
28. Petter J. Hopland

Aurland Venstre

29. Leif Inge Underdal

Austevoll Venstre

30. Bjørn Magne Hufthammer

Bergen Venstre

31. Ane Breivik
32. Heine Johansen
33. Galo Austegard
34. Erlend Horn
35. Julie Andersland (berre laurdag)
Vara søndag: Saima Akhtar
36. August Simonsen
37. Marius Solberg
38. Miriam Seim
39. Grete Line Simonsen
40. Anders Waage Nilsen
41. Njaal Neckelmann
42. Geir Kjell Andersland
43. Tom Hiis Bergh
44. Astrid Knutsen Hårstad
45. Idun Bortne
46. Jo Lerheim
47. Lars-Jacob Hove
48. Gard Aasmund S. Johanson
49. Knut Camillo Tornes

- 50. Øystein Sletten
- 51. Christer M. L. Bendixen
- 52. Gunn-Vivian Eide
- 53. Arild Horn

Bjørnafjorden Venstre

- 54. Gustav Folkestad
- 55. Olav Lønheim Haugerud
- 56. Henrik Johannessen
- 57. Astrid Dale

Bremanger Venstre

- 58. Irene Storøy
- 59. Åge Senneset
- 60. Svein Olav Senneset

Bømlo Venstre

- 61. Anne-Beth Njærheim
- 62. Bente Helen H. Natterøy
- 63. Alf Helge Greaker

Fjaler Venstre

- 64. Ingrid Bjergene
- 65. Roar Gustavsen

Gulen Venstre

- 66. Aslak Nyhammer

Høyanger Venstre*

- 67. Frank Wikene Rødal

Kinn Venstre

- 68. Edvard Iversen
- 69. Jacob Nødseth
- 70. Hilmar Eliasson
- 71. Åse Iren Korneliussen
- 72. Sebastian F. Kvalheim
- 73. Dina Bovim

Kvam Venstre

- 74. Helge Karlsøen
- 75. Torbjørn Eide

Osterøy Venstre

- 76. Åshild Rød
- 77. Merete Gran Reigstad

Sogndal Venstre

- 78. Are Kvistad
- 79. Bjarte Haugen
- 80. Sigrid Svartefoss
- 81. Maria C. Knagenhjelm

Stad Venstre

- 82. Jon Frogner
- 83. Helle Frogner
- 84. Siv Rotevatn
- 85. Svein Rotevatn
- 86. Kariann Myklebust Fagerli
- 87. Ingebjørg Flyum Bjørlo
- 88. Ragnhild Bjørlo
- 89. Stig Gunnar Myren

Stord Venstre

- 90. Håkon Frode Særsten
- 91. Kristin Steinsland
- 92. Camilla Berg Larsen

Stryn Venstre

- 93. Janne Alsaker
- 94. Magne Wathne

Sunnfjord Venstre

- 95. Vigdis Tønning
- 96. Tor Emil O. Foslid
- 97. Atle Hamar
- 98. Gunn Merete Paulsen
- 99. Daniel Lira Figueiredo

Sveio Venstre

- 100. Bernhard Endseth Nerland

Ullensvang Venstre

- 101. Petter Sexe Ulriksen
- 102. Eivind Tokheim
- 103. Knut Arne Espe

Ulvik Venstre

- 104. Reidar Meel (forfall)
- 105. Anders Kristoffer Oppheim

Voss Venstre

- 106. Knut Olav R. Nestås (berre laurdag)
- 107. Ingebjørg Winjum

108. Jens Håkon Birkeland

Øygarden Venstre

109. Elizabeth Toft Erichsen

110. Rune Kobbeltvedt

Askøy Unge Venstre

111. Kristoffer Robin Johannesen

Bergen Unge Venstre

112. Synne Hansmark Persen

Unge Venstre NHH

113. Jean-Clément Lemaire

Stad Unge Venstre

114. Xaver-Balthasar Martini

Vestland Liberale studenter

115. Kristian Hoseth Birkeland

Bergen Liberale studenter

116. Tobias Bashevkin

Følgjande lokallag stilte ikkje: Austrheim Venstre, Etne Venstre, Gloppen Venstre, Kvinnherad Venstre, Luster Venstre, Masfjorden Venstre, Vik Venstre

* I Høyanger har ikkje Venstre lokallag, men Venstre fekk 35 stemmer i kommunen ved fylkestingsvalet og fylkesårsmøtet godkjende utsending frå kommunen.

Observatørar, gjester:

Trine Skei Grande, partileiar (ved opning laurdag)

Terje Breivik, stortingsrepresentanten vår frå Ulvik

Torild Skogsholm, Sekretariatsleiar for Venstre si stortingsgruppe

Sveinung Rotevatn, Klima- og miljøminister

Judith Kapstad, Sunnfjord Venstre (leiar av valnemnda)

Kjersti I. Vevatne, Osterøy Venstre

Else Mundal, Sogndal Venstre

Torstein Gunnarsson, Voss Venstre

Arild Raftevoll, Askøy Venstre

Steinar Nese, Gulen

Gro Gjelsvik, fylkessekretær

Linda Ness Rotihaug, fylkessekretær

Frå Tolketenesta i Vestland (døvetolk/teiknspråk):

Malin Lone Johansen, Kristine Langeland Foss og Merete Larsen Jansen

.....

Etter namneopprop og konstituering (ÅM-2 > ÅM-5):

Helsing frå Voss Venstre ved Ingebjørg Winjum

Kulturelt innslag ved *Voss Gutekor*

Helsing frå ordførar i Voss herad, Hans-Erik Ringkjøb

Helsing frå partileiar Trine Skei Grande

ÅM-2 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtakssak

Interimsstyret sitt forslag til sakliste for fylkesårsmøtet i Vestland Venstre 2020:

- ÅM-1. Opning og namneopprop
- ÅM-2. Godkjenning av innkalling og sakliste
- ÅM-3. Godkjenning av program
- ÅM-4. Godkjenning av forretningsorden
- ÅM-5. Val av dirigentar, fullmaktsnemnd, referentar, teljekorps og to personar til å skriva under årsmøteprotokollen.
Eventuell supplering av redaksjonsnemnd for fråsegner.
- ÅM-6. Generell politisk debatt
- ÅM-7. Årsmeldingar 2019
- ÅM-8. Rekneskap 2019 – for begge dei gamle fylkeslaga
- ÅM-9. Val av fylkesstyre, revisorar
- ÅM-10. Vedtektsendringar 2021
- ÅM-11. Nominasjonsprosessen fram mot stortingsvalet 2021
- ÅM-12. a) Valkamprapport - orientering
b) Organisasjonsdebatt
c) Handlingsplan for 2020-21
- ÅM-13. Eventuell tilleggskontingent for 2021
- ÅM-14. Budsjett for 2020
- ÅM-15. Fråsegner
- ÅM-16. Val av landsmøteutsendingar
- ÅM-17. Landsmøtetema 2020 – Prinsippprogrammet
- ÅM-18. Val av redaksjonsnemnd for fylkesårsmøtet 2021
- ÅM-19. Orientering om stortingsvalprogramprosessen

Vedtak: Sakliste godkjend utan merknader.

ÅM-3 Godkjenning av program

Vedtakssak

Interimsstyret sitt forslag til Program for fylkesårsmøtet på Scandic Voss 8.-9. Februar:

Laurdag 08. februar

10.00 *Registrering og kaffi - NB! Innlevering av fullmaktsskjema*

11.00 **Opning av fylkesårsmøtet**

Opning ved leiar av interimsstyret, Alfred Bjørlo

Namneoppop og val av møtedirigentar

Val av fullmaktsnemnd, referentar, teljekorps, signatarar og eventuell supplering redaksjonsnemnd

Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjenning av program og forretningsorden

Helsing frå Voss Venstre

Kulturelt innslag

- Helsing frå ordførar i Voss herad, Hans-Erik Ringkjøb
Helsing frå partileiar Trine Skei Grande
- 12.15 Lunsj
- 13.00 Orientering frå redaksjonsnemnd for politiske fråsegner og frå fullmaktsnemnda.
Generell politisk debatt – Innleiing ved Terje Breivik (15 min). Deretter (dei tidlegare) fylkesleiarane, gruppeleiar i fylkestinget og sideorganisasjonane (5 min kvar).
- 13.45 Pause
- 14.00 Generell politisk debatt fortset. Innlegg ved statsekretær Atle Hamar 10 min først.
- 15.00 Politiske fråsegner – tal og prioritering
- 15.30 Kaffipause
- 15.50 Årsmeldingar og rekneskap
- 16.20 Valkamprapport - orientering frå Bjørn Tore Sund
Organisasjonsdebatt
Handlingsplan 2020-21
Budsjett 2020
Eventuell tilleggskontingent for 2021
Orientering frå Venstres Studieforbund
- 17.35 Val av fylkestyre og revisorar
- 18.05 Vedtektsendringar
- 18.35 Politiske fråsegner
- 19.00 Møte slutt for dagen
- 20.00 Festmiddag

Søndag 9. februar

- 09.00 Møtestart (Kulturelt innslag)
Landsmøtetema 2020 - Prinsippprogrammet. Innleiing ved Sveinung Rotevatn.
Orientering om stortingsvalprogramprosessen ved Erlend Horn.
- 10.45 Kaffipause
- 11.00 Politiske fråsegner
- 11.30 Val av Landsmøteutsendingar
- 12.30 Lunsj og utsjekk
- 13.30 Nominasjonsprosessen fram mot Stortingsvalet 2021
Val av redaksjonsnemnd for politiske fråsegner på årsmøtet i 2021
- 15.00 Slutt og heimreise

Ane Breivik, Bergen foreslo å kutte 1 time av oppsett tid for generell politisk debatt og auke tida for handsaming av fråsegner tilsvarande.

Forslaget fall.

Vedtak: Programmet godkjend utan endringar

ÅM-4 Godkjenning av forretningsorden

Vedtaks sak

Interimsstyret sitt framlegg til Forretningsorden for fylkesårsmøte i Vestland Venstre 8. - 9. februar 2020:

Om den generelle avviklinga av debatten:

1. Fylkesårsmøtet vert leia av to møteleiarar som vert valde ved konstitueringa av møtet. Møteleiarane må sjå til at dei oppsette rammene for debatten vert haldne. Dei kan difor avgjere om avgrensa taletid skal innførast og gjere framlegg om når "strek" skal setjast.
2. Møtedelegatar med røysterett melder seg på talarlista ved å visa grøn side av nummerskilt tydeleg. Møteleiaren gir ordet til dei som ber om det i rekkefølge. Talarane rettar sine innlegg til møteleiar. Alle innlegg *skal* koma frå talarstolen.
3. Møteleiarane kan tillata inntil to replikkar til kvart debattinnlegg, etter replikkar er det høve til svarreplikk for den som hald debattinnlegget. Ein replikk kan vera maksimum 1 minutt lang. Replikk skal vera retta til det føregåande debattinnlegget, svarreplikk til replikkane den er svar til. Delegatar teiknar seg til replikk ved å vise lyseblå side av nummerskilt tydeleg. Møteleiar gir replikk til dei som først ber om det.
4. Møteleiarane gjer framlegg om prosedyre for eigenpresentasjon og støttetalarar før personval.
5. Valde delegatar og ordstyrarbordet kan fremje framlegg om talerett for personar som er til stades utan å ha slik talerett etter vedtektene, anten for ei einskild sak eller for heile møtet.

Om framlegg:

1. Framlegg skal leverast skriftleg til møteleiarane.
2. Alle endringsframlegg skal leverast elektronisk og tydeleg merka med saksnummer og type endringsframlegg. Leverast på eige skjema i saker der dette er tilgjengeleg.
3. Fylkesårsmøtet fastset frist for innlevering av endringsframlegg til fråsegner.

Om votering utanom personval:

1. Møteleiar gjer framlegg om voteringsorden, og fylkesårsmøtet fastset denne før kvar votering når det gjeld saker der vedtektene ikkje fastset voteringsprosedyre. Endringsframlegg skal settast opp mot innstillingane, og dei som støttar endringsframlegga skal vise dette ved røysteteikn.
2. Når fleire alternative framlegg ligg føre, skal det først voterast over det mest ytterleggående, og til slutt alternativ votering mellom dei to siste framlegga, så langt ingen krev separat votering.
3. Det kan haldast prøvevotering.

Valprosedyre ved skriftleg val der berre ein skal veljast:

1. Dersom det er to eller fleire kandidatar til ein og same plass og dersom minst ein utsending krev det, skal valet vere hemmeleg/skriftleg.
2. Den er vald som oppnår fleire enn halvparten av dei røystene som er gitt. Blank røystesetel vert rekna som gitt stemme.
3. Dersom ingen kandidat i første valomgang oppnår fleire enn halvparten av dei gitte røystene, skal det haldast omval. Er det fleire enn to kandidatar, fell kandidaten med færrest røyster ut i kvar valomgang, inntil ein kandidat oppnår fleire enn halvparten av røystene. Dersom to eller

fleire kandidatar oppnår det same tal færrest røyster i same valomgang, vert det loddtrekking om kven av kandidatane som fell ut.

4. Når to kandidatar står att, er den vald som har fått flest røyster.
5. Dersom det etter omval etter punkt 3, framleis er likt røystetal, vert rangeringa avgjort ved loddtrekking.

I saka om Nominasjonsprosessen for 2021 gjeld eigne reglar for votering.

Sjå denne saka.

Vedtak: Forretningsorden vart godkjend av årsmøtet utan merknader.

ÅM-5

Val av dirigentar, fullmaktsnemnd, referentar, teljekorps og to personar til å skriva under årsmøteprotokollen.

Eventuell suppleringsnemnd for fråsegner.

Vedtaks sak

Val av dirigentar/møteleiarar

Forslag frå interimstyret:

Laurdag: Alfred Bjørlo (ved start),

kl. 1300-1500: Åge Avedal og Åsta Årøen

kl. 1500-1845: Kari Østervold Toft og Gunnar Osland

Søndag:

kl. 0900-møteslutt: Jan Henrik Nygård og Agnes Hoshovde Bernes.

Reserve: Grete Line Simonsen.

Vedtak: Valde av årsmøtet utan merknader

Val av referentar

Forslag frå interimstyret:

Laurdag: Gunn Merete Paulsen og Henrik Johannessen

Søndag: Jacob Nødseth og Astrid Knutsen Hårstad.

Jacob og Astrid trekte seg.

Vedtak:

Laurdag: Gunn Merete Paulsen og Henrik Johannessen

Søndag: Trude Risnes og Sigrid Svartefoss

Val av fullmaktsnemnd:

Forslag frå interimstyret: Kariann Myklebust Fagerli, Jo Lerheim og Ole-Ansger Martini, med bistand frå Linda Ness Rotihaug og Gro Gjelsvik

Vedtak: Valde av årsmøtet utan merknader

Val av teljekorps

Forslag frå interimsstyret: Xaver-Balthasar Martini, Åshild Rød, Heine Johansen

Vedtak: Valde av årsmøtet utan merknader

Val av to til å skrive under møteprotokollen

Forslag frå interimsstyret: Bjørn Arne Mjåseth og Elizabeth Toft Erichsen

Vedtak: Valde av årsmøtet utan merknader

Eventuell supplering av redaksjonsnemnd for fråsegner

På felles årsmøte i 2019 fekk fylkesstyra i Sogn og Fjordane og Hordaland Venstre fullmakt til å gjere framlegg om kandidatar til redaksjonsnemnd til årsmøtet i 2020. Interimstyret skulle ut frå dette formelt gjere val av redaksjonsnemnd innan 1. oktober 2019.

Redaksjonsnemnda har sidan oktober bestått av:

Are Kvistad, Sogndal - leiar

Ingebjørg Winjum, Voss

Jon Frogner, Stad

Ingrid N. Fjeldstad, representant frå Venstrekvinnelaget

Marius Hellan Hindenes, representant frå Unge Venstre

Varamedlemmer:

Ane Breivik, Bergen

Bernhard Endseth Nerland, Sveio

Ingrid N. Fjeldstad, representant frå Venstrekvinnelaget, hadde meldt forfall til årsmøtet.

Vedtak:

Redaksjonsnemnda vart supplert med Anne-Beth Njærheim frå Venstrekvinnelaget til erstatning for Ingrid N. Fjeldstad.

ÅM-6 Generell politisk debatt

Drøftingssak

Innleiing ved Terje Breivik. Deretter dei tidlegare fylkesleiarane Åsta Årøen og Jan Henrik Nygård, gruppeleiar i fylkestinget Gunhild Berge Stang, Unge Venstre v/Ole Martini, Venstrekvinnelaget v/Kari Østervold Toft og Liberale studenter v/Jean-Clément Lemaire
Innlegg ved tidlegare statsekretær Atle Hamar.

Desse hadde ordet i debatten:

- Alf Helge Greaker – Bømlo Venstre
- Geir Kjell Andersland – Bergen Venstre
- Åge Avedal – Fylkesstyret Sogn og Fjordane
- Alfred Bjørlo – Fylkesstyret Sogn og Fjordane/ Stad Venstre
- Christer M. L Bendixen – Bergen Venstre
- Bjørn Arne Mjåseth – Askvoll Venstre

- Erlend Horn – Bergen Venstre
- Frank Wikene Rødal – Høyanger Venstre
- Merethe M. Hopland – Askøy Venstre
- Bjarte Haugen – Sogndal Venstre
- Eivind Tokheim – Ullensvang Venstre
- Marius Hellan Hindenes – Fylkesstyret Hordaland
- Gard Aasmund S. Johanson – Bergen Venstre
- Ane Breivik – Bergen Venstre
- August Simonsen – Bergen Venstre
- Miriam Seim – Bergen Venstre
- Agnes Hoshovde Bernes – Alver Venstre
- Anders Waage Nilsen – Bergen Venstre
- Jacob Nødseth – Kinn Venstre
- Sveinung Toft – Alver Venstre
- Grete Line Simonsen – Bergen Venstre
- Ingebjørg Flyum Bjørlo – Stad Venstre
- Astrid Knudsen Hårstad – Bergen Venstre

ÅM-7 Årsmeldingar 2019

Vedtakssak

Godkjenning av årsmeldingar 2019:

Årsmelding 2019 Sogn og Fjordane Venstre

Årsmelding 2019 Hordaland Venstre

Det vart ikkje brukt tid på å presentere årsmeldingane og ingen ønskte ordet til dei.

Forslag til vedtak: Årsmøtet tek årsmeldingane for 2019 til etterretning

Vedtak: Årsmøtet tek årsmeldingane for 2019 til etterretning

Årsmelding 2019 interimsstyret

Årsmelding 2019 fylkestinggruppa i Hordaland

Årsmelding 2019 fylkestingsgruppa i Sogn og Fjordane og Vestland

Årsmelding 2019 Vestland Unge Venstre

Årsmelding 2019 Hordaland Venstrekvinnelag

Det vart ikkje brukt tid til å orientere frå talarstolen om desse i møtet, men årsmeldingane var sendt ut til alle delegatar på førehand.

ÅM-8 Rekneskapar 2019

Vedtakssak

Godkjenning av rekneskapar for 2019:

Rekneskap for Sogn og Fjordane Venstre 2019

Rekneskap for Hordaland Venstre 2019

Det vart ikkje brukt tid på å presentere rekneskapane og ingen ønskte ordet til dei.

Forslag til vedtak: Fylkesårsmøtet godkjenner dei reviderte rekneskapane for 2019 og fylkesstyra sine forslag til inndekning av underskota.

Vedtak: Fylkesårsmøtet godkjenner dei reviderte rekneskapane for 2019 og fylkesstyra sine forslag til inndekning av underskota utan merknader.

ÅM-9 Val av fylkesstyre, revisorar

Vedtaks sak

Det skal veljast eit fylkesstyre samansett av leiar, 1. og 2. nestleiar, fire styremedlemmer og inntil 5 varamedlemmer.

Judith Kapstad, leiar i valnemnda presenterte valnemnda si innstilling.

Valnemnda si innstilling:

FYLKESSTYRE VESTLAND VENSTRE

Valnemnda kjem med eit samrøystes framlegg til samansetting av nytt styre for Vestland Venstre. Nemnda er samrøystes på kven ein foreslår som leiar og nestleiar, men er delt når det gjeld 2. nestleiar.

Leiar **Åsta Årøen**, Bergen

Første nestleiar **Jan Henrik Nygård**, Kinn

Andre nestleiar (dissens) **Agnes Hoshovde Bernes**, Alver

Fleirtalet i nemnda (5 stemmer) innstiller Agnes som andre nestleiar.

Medlem (dissens) **Bjørn Tore Sund**, Osterøy

Mindretalet i nemnda (2 stemmer) ønskjer Bjørn Tore som andre nestleiar.

Medlem **Jo Lerheim**, Bergen

Medlem **Elizabeth Toft Erichsen Øygarden**

Medlem **Åge Avedal**, Sunnfjord

.....

Første vara **Geir Angeltveit**, Stord

Andre vara **Jon Frogner**, Stad

Tredje vara **Njaal Neckelmann**, Bergen

Fjerde vara **Alf Helge Greaker**, Bømlo

I tillegg har sideorganisasjonane rett på ein representant kvar som dei sjølv peikar ut.

Desse hadde ordet i saka:

- Bjørn Tore Sund
- Anne-Beth Njærheim
- Alfred Bjørlo
- Bjørn Arne Mjåseth

Andre forslag:

Bjørn Tore Sund trekte sitt kandidatur som styremedlem

Anne-Beth Njærheim foreslo Geir Angeltveit som ny kandidat i staden for Bjørn-Tore Sund - Geir Angeltveit vald som styremedlem

Alfred Bjørlo foreslo Jan Frogner som første vara

Geir Angeltveit foreslo Alf Helge Greaker som første vara

Ved skriftleg votering fekk Jon Frogner 82 stemmer, Alf Helge Greaker fekk 29 stemmer

Jan Frogner vald til første vara.

Bjørn Arne Mjåseth foreslo Irene Storøy som ny 4. varamedlem. Det var ingen motforslag.

Irene Storøy vald til fjerde vara.

Varalista vart justert i samsvar med dette.

Vedtak: Valnemnda si innstilling med endringsforslag vart vedtatt.

Styret m/varamedlemmer for Vestland Venstre ser då slik ut:

Leiar: Åsta Årøen, Bergen
1. nestleiar: Jan Henrik Nygård, Kinn
2. nestleiar: Agnes Hoshovde Bernes, Alver
Medlem: Geir Angeltveit, Stord
Medlem: Jo Lerheim, Bergen
Medlem: Elizabeth Toft Erichsen, Øygarden
Medlem: Åge Avedal, Sunnfjord

Varamedlemmer:

1. vara: Jon Frogner, Stad
2. vara: Njaal Neckelmann, Bergen
3. vara: Alf Helge Greaker, Bømlo
4. vara: Irene Storøy, Bremanger

Alle valde for 2 år.

I tillegg har sideorganisasjonane rett på ein representant kvar som dei sjølv peikar ut.

Valnemnda si innstilling:

REVISORAR

Vigdis Tønning, Sunnfjord og **Synnøve Handeland**, Kvinnherad

Dei veljast for 2 år.

Vedtak: Valnemnda si innstilling til revisorar vart vedteken

ÅM-10 Vedtektsendringar 2021

Vedtaks sak

Leiar av interimsstyret, Alfred Bjørlo orienterte om dei innkomne forslaga og interimsstyret sine innstillingar i saka.

I 2020 gjeld normalvedtekter for fylkes- og regionlag i Venstre i det nye fylkeslaget. Det har kome inn tre forslag til vedtektsendringar innan fristen som var 16. desember. Interimsstyret har gått gjennom forslaga og kome med innstillingar i saka. Informasjon om dette vart sendt ut til lokallagsleiarar og leiarar av sideorganisasjonane 7. januar.

Det er ikkje høve til å komme med ytterlegare endringsforslag på årsmøtet! I følgje vedtektene kan vedtektene berre endrast om minst to tredeler stemmer for det.

Forslag til vedtektsendringar til handsaming på årsmøtet i Vestland Venstre 2020

Forslag frå: Styret i Bergen Venstre. Alle forslag gjeld §5 Fylkesårsmøtet

Forslag 1 - to endringar som heng saman (ny tekst skrvert i grått), relatert til s. 3 og 4

Omhandlar representasjonsretten til sideorganisasjonane.

Endring. Teksten «*Fylkesårsmøtet består av fylkesstyret sine årsmøtevalde medlemmer og av delegatar vald av lokallagsårsmøta i Venstre etter følgjande reglar:*» vert erstatta med:

«Fylkesårsmøtet er samansett av medlemmene i fylkesstyret, utsendingar valde av Venstre sine lokallag og sideorganisasjonane etter følgjande reglar:

Endring. Teksten «*Dernest har dei tilknyttaste organisasjonane Vestland Unge Venstre og Hordaland Venstrekvinnelag, i tillegg til sin styrerepresentant, éin delegat per fungerande lokallag i kommunane i fylket eller samanslegne lag. Det er ein føresetnad for representasjonsretten at laga har halde årsmøte same år som fylkesårsmøtet eller året før dette.*» vert erstatta med:

«Sideorganisasjonane sin representasjon vert basert på antal mogelege delegatar frå lokallaga totalt, slik at sideorganisasjonane får til saman 15% delegatar på toppen av desse. Desse delegatane vert fordelt etter medlemstal (antal betalende medlemmer i kvar sideorganisasjon), men slik at kvar sideorganisasjon får minimum to delegatar.»

GRUNNGJEVING: Dette er tilsvarande tekst som stod i Hordaland Venstre sine vedtekter dei siste åra før samanslåinga. Vi ønsker å ha ein sterkare representasjon av sideorganisasjonane på fylkesårsmøtet enn utgangspunktet i normalvedtektene.

INNSTILLING FRÅ INTERIMSSTYRET: Interimsstyret er delt i si innstilling til forslag 1. Eit fleirtal på 3 støttar forslaget, medan eit mindretal på 2 tar ut dissens og vil avvise forslaget.

Desse hadde ordet til forslag 1:

- Heine Johansen
- Ole Martini
- Kari Østervold Toft

- Alfred Bjørlo
- Gard Asmund S. Johanson
- Åsta Årøen
- Ane Breivik
- Geir Angeltveit
- Ingbjørg Flyum Bjørlo

Resultat av avstemming: 55 stemte mot endringsforslaget, og det var dermed ikkje nok stemmer for. Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal.

Vedtak: Endring av normalvedtektene vart avvist.

Forslag 2 - relatert til s. 5 Under Val

Tillegg - Nytt avsnitt etter *Revisor*

Landsstyremedlemmer

Vestland Venstre har 3 landsstyremedlemmer. Av desse tiltreir leiar av Vestland Venstre automatisk landsstyret. Dei to andre medlemmene veljast av årsmøtet i Vestland Venstre. Om desse ikkje også er medlemmer av styret i Vestland Venstre, vert dei tildelt møte-, tale og forslagsrett i fylkesstyret.

GRUNNGJEVING: I samband med omlegginga av vedtektene vedtatt på Landsmøtet 2019 får Vestland 3 landsstyremedlemmer. Dette er eit forslag for korleis desse delegatene veljast. Vi meiner dette gir ein god balanse mellom kommunikasjonen mellom landsstyret og fylket, og eventuelle andre omsyn. Det gir også eit ytterlegare insentiv til å engasjere seg i fylkespolitikken.

INNSTILLING FRÅ INTERIMSSTYRET: Interimsstyret vil avvise dette forslaget og føreslå å ta inn ein alternativ tekst om temaet landsstyremedlemmer **under §4 Fylkesstyret s.3:**

Landsstyremedlemmer. Fylkesleiar er automatisk medlem av landsstyret. Når det etter nyttår kvart år er klart kor mange medlemmer fylkeslaget vil få i landsstyret i tillegg til fylkesleiar, skal fylkesstyret velje kven som skal representere fylkeslaget i landsstyret dette året og kven som skal vere eventuell varautsending.

Desse hadde ordet til forslag 2:

- Alfred Bjørlo
- Heine Johansen
- Erlend Horn
- Bjørn Tore Sund
- Gard Asmund Johanson

Verken det opphavlege forslaget eller det alternative forslaget frå interimsstyret fekk 2/3 stemmer.

Vedtak: Framlegg til endring i normalvedtektene fall.

Forslag 3 - relatert til s. 5 Under Val

Tillegg under avsnittet om **Landsmøtedelegatar**, etter «...i tråd med tildelt tal på utsendingar.»
Ønskje om separat votering over følgjande (del)setningar:

I) Leiar av fylkesstyret, gruppeleiar for fylkestinget, gruppeleiar for Bergen Venstre, leiar av Vestland Unge Venstre og leiar for Bergen Venstre har fast plass i delegasjon når dei ikkje har plass i eigenskap av andre verv,

II) og skal ikkje telje ved fordeling av resten av landsmøtedelegasjonen.

III) Det skal takast omsyn til storleiken på lokallaga når resten av landsmøtedelegasjonen skal veljast.

GRUNNGJEVING: I mange år har det vore kampvoteringar i Hordaland Venstre når fylkesårsmøtet har skulle fordele landsmøtedelegatar. Når vi nå sannsynlegvis får færre totale delegatar enn det HV+SFV hadde til saman, samtidig som vi får landsmøter annakvart år, verker det nødvendig å vedta nokre grunnreglar for kva prioriteringar vi gjer for kven som bør reise. Det er Bergen Venstre sitt utgangspunkt at vi bør velje landsmøtedelegatar ut frå korleis fylkeslaget får et best mogleg gjennomslag for Vestland sine saker. Med den nye landsmøtemodellen bør vi også på fylkesårsmøtet ha en diskusjon om kvifor og korleis vi vel delegatane til landsmøtet. Når enkelte av plassane vert reservert faste verv, håpar vi også at dette vil redusere nokre av konfliktlinjene val av delegasjon har hatt tidlegare.

INNSTILLING FRÅ INTERIMSSTYRET:

Delsetning **I)**: Interimsstyret innstiller på ei alternativ formulering:

Leiar av fylkesstyret, gruppeleiar for fylkestinget, leiar eller gruppeleiar for Bergen Venstre, leiar av Vestland Unge Venstre og leiar av Venstrekvinnelaget i fylket har fast plass i delegasjonen når dei ikkje har plass i eigenskap av anna verv.

Delsetning **II)** Avvist

Delsetning **III)** Avvist

Desse hadde ordet til forslag 3:

- Alfred Bjørlo
- Heine Johansen

Heine Johansen trekte Bergen Venstre sitt forslag.

Den alternative formuleringa frå interimsstyret fekk ikkje fleirtal.

Vedtak: Framlegg til endring i normalvedtektene fall.

Det vil dermed framleis vere normalvedtektene for fylkes- og regionlag i Venstre som gjeld uendra i Vestland Venstre.

ÅM-11 Nominasjonsprosessen fram mot stortingsvalet 2021

Vedtakssak

Fylkesårsmøta i Hordaland og Sogn og Fjordane gjorde i 2019 følgjande likelydande vedtak:

«Fylkesårsmøtet i Vestland Venstre 2020 gjer vedtak om det skal vere felles liste eller separate lister til Stortinget for stortings-valkrinsane Sogn og Fjordane og Hordaland i 2021, og fastset ut frå det vidare prosess for nominasjonsarbeidet. Ved røystinga må det røystast separat i begge valkrinsane (Sogn og Fjordane og Hordaland). Begge valkrinsane må fatte vedtak om felles liste for at dette skal kunne gjennomførast.

Sjølv om Sogn og Fjordane og Hordaland frå 1.1.2020 er samanslegne til eitt fylke og Venstre har éin felles fylkesorganisasjon, er framleis dei gamle fylka Hordaland og Sogn og Fjordane separate valkrinsar til Stortingsvalet. Det er opp til kvart parti om ein ynskjer å stille ei felles (likelydande) liste til Stortinget i dei to valkrinsane, eller separate lister.

Interimsstyret vil la det vere opp til Fylkesårsmøtet i Vestland Venstre å ta denne avgjerda, men har i denne saka kort gjort greie for moment for og mot, og foreslått vidare prosess for kvart av alternativa «felles liste» eller «separate lister».

Interimsstyret foreslo følgjande prosedyre for handsaminga av saka på Fylkesårsmøtet 2020:

1. Innleiing og debatt om saka i plenum: Felles eller separate vallister.
2. Separate voteringar mellom delegatane frå kvar av dei to stortingsvalkrinsane Hordaland og Sogn og Fjordane. Delegatar frå Unge Venstre, Venstrekvinnelaget og Liberale Studentar røystar ut frå kva lokallag dei kjem frå, og kva stortingsvalkrins dette lokallaget ligg i.

Det må vere fleirtal for felles liste blant delegatane i begge dei to stortingsvalkrinsane for at dette skal reknast som vedteke.

3. Vidare handsaming og vedtak av vidare prosess i plenum.

Interimsstyret foreslo følgjande vidare prosess i dei to mulige utfalla av saka – og at dette blir debattert og fastsett i plenum:

Alternativ 1: Det blir i separate voteringar på Fylkesårsmøtet for kvar stortingsvalkrins vedteke felles liste for Hordaland og Sogn og Fjordane

- Felles nominasjonsnemnd blir vald på ekstraordinært felles fylkesårsmøte i samband med LPN våren 2020. Nominasjonsnemnda blir samansett av 7 representantar frå Vestland Venstre, 1 frå Unge Venstre og 1 frå Venstrekvinnelaget. Fylkesstyret får i oppgåve å førebu eit framlegg til nominasjonsnemnd til det ekstraordinære fylkesårsmøtet
- Felles nominasjonsmøte blir avhalde i samband med ordinært fylkesårsmøte i Vestland Venstre i februar 2021
- Det blir sett ned eit felles Valkamputval for Vestland Venstre

Alternativ 2. Det blir i separate voteringar på Fylkesårsmøtet for kvar stortingsvalkrins vedteke separate lister for Hordaland og Sogn og Fjordane

- To separate nominasjonsnemnder blir valde på ekstraordinært felles fylkesårsmøte i samband med LPN våren 2020. Kvar nominasjonsnemnd blir samansett av 5 representantar frå dei respektive valkrinsane i Vestland, 1 frå Unge Venstre og 1 frå Venstrekvinnelaget. Fylkesstyret får i oppgåve å foreslå framlegg til nominasjonsnemnder til det ekstraordinære fylkesårsmøtet
- Separate nominasjonsmøte blir avhalde i samband med ordinært fylkesårsmøte i Vestland Venstre i februar 2021
- Det blir sett ned eit felles Valkamputval for Vestland Venstre.

Det vart først opna for generell debatt om ei eller to lister.

Desse hadde ordet:

- Jean-Clément Lemaire
- Tom Hiis Bergh
- Alfred Bjørlo
- Jacob Nødseth
- Alf Helge Greaker
- Rolf Nesheim
- Atle Hamar

Møtet delte seg deretter opp etter valkrinsane i to separate salar seg for å stemme over felles liste eller separate lister.

Sogn og Fjordane valkrins:

Møteleiarar: Jan Henrik Nygård og Alfred Bjørlo.

33 stemmeberettiga tilstades.

Desse hadde ordet i møtet for Sogn og Fjordane valkrins:

- Alfred Bjørlo
- Vigdis Tonning
- Hilmar Eliasson
- Magne Wathne
- Atle Hamar
- Sveinung Rotevatn
- Jon Frogner
- Trude Risnes
- Edvard Iversen
- Jacob Nødseth
- Svein Rotevatn
- Leif Inge Underdal

Avstemming: Separate lister i dei to valkrinsane: 29 stemmer. Felles liste: 4 stemmer.
Fleirtal i valkrinsmøte for separate lister

Hordaland valkrins:

Møteleiarar: Agnes Hoshovde Bernes og Kari Østervold Toft.

Teljekorps: Åshild Rød og Heine Johansen

57 stemmeberettiga tilstades.

Desse hadde ordet i Hordaland valkrins:

- Bjørn Tore Sund
- Geir Angeltveit
- Kari Østervold Toft
- Erlend Horn
- Tom Hiis Bergh
- Gard A. S. Johanson
- Astrid K H
- Rolf Nesheim
- Merete Hopland

Avstemming: Felles liste: 32 stemmer. Separate lister: 22. Blanke stemmer: 3
Fleirtal i valkrinsmøte for felles liste.

Alfred Bjørlo oppsummerte i plenum etter dei separate møta.
Det vart ikkje fleirtal for felles liste i både laga og då vert det stilt separate lister.

Vedtak: Det vert separate lister for dei to valkrinsane ved stortingsvalet i 2021.

I debatten om vidare prosess for nominasjonen tok desse ordet:

- Alfred Bjørlo
- Geir Angeltveit
- Tobias Bashevkin
- Åsta Årøen
- Jacob Nødseth
- Gard A. S. Johanson
- Vigdis Tonning
- Elizabeth Toft Erichsen
- Bjørn Tore Sund

Geir Angeltveit foreslo å overlata til fylkesstyret å velje nominasjonsnemnder, slik det er opning for i normalvedtektene, i staden for å halde ekstraordinært fylkesårsmøte for den eine saka.

Tobias Bashevkin tok til orde for at alle sideorganisasjonane, også Liberale studentar, må få vere med i nominasjonsnemndene.

Avstemming: Overtydande fleirtal for at fylkesstyret vel nominasjonsnemnder, for å inkludere ein representant frå Liberale studentar i nominasjonsnemndene og for at det vert eit felles valkamputval.

Vedtak - vidare prosess:

- Fylkesstyret vel to nominasjonsnemnder våren 2020. Kvar nominasjonsnemnd blir samansett av 5 representantar frå dei respektive valkrinsane i Vestland, 1 frå Unge Venstre, 1 frå Venstrekvinnelaget og 1 frå Liberale studentar.
- Separate nominasjonsmøte blir avhalde i samband med ordinært fylkesårsmøte i Vestland Venstre i februar 2021
- Det blir sett ned eit felles Valkamputval for Vestland Venstre.

ÅM-12

a) Valkamprapport - orientering

Orienteringssak

Leiar av valkamputvalet Bjørn Tore Sund orienterte om rapporten.

Desse hadde ordet til debatt:

- Gard Aasmund S. Johanson
- Hilmar Eliasson
- Alf Helge Greaker
- Gunhild Berge Stang
- Alfred Bjørlo
- Geir Kjell Andersland
- Ane Breivik

Rapporten vart teken til orientering.

b) Organisasjonsdebatt

Drøftingssak

Alfred Bjørlo innleidde til debatt.

Ingen tok ordet til ein generell debatt om organisasjon.

c) Handlingsplan for 2020-21

Vedtaksak

Åsta Årøen presenterte interimsstyret sitt forslag til handlingsplan for dei to neste åra og innleidde til debatt. Ingen tok ordet til handlingsplanen

Interimsstyret sitt forslag til:

Handlingsplan for Vestland Venstre 2020-2021

Hovudfokus for perioden:

- Auke medlemstalet – gjennom verving og medlemspleie
- God økonomisk kontroll på drifta i fylkeslaget
- Førebu og gjennomføre nominasjonsprosess og valkamp til Stortingsvalet 2021

- Engasjera lokallaga i programbehandling og valkampplanlegging gjennom skulering av lokallagsleiarar, folkevalde og kandidatar, samt stimulera til auka deltaking på arrangement som lokalpolitisk nettverk og Landskonferansen
- Tenke nytt når det gjeld bruk av digitale løysingar til møter og kursverksemd
- Dra nytte av regjeringsdeltakinga i det lokalpolitiske arbeidet og profilere sitjande kommunestyrerepresentantar i samarbeid med lokallagsleiar og stortingsrepresentant.

ORGANISATORISKE DELMÅL OG TILTAK:

1. Auke medlemstalet – og behalde medlemmer

Delmål : Få fleire aktive medlemmer og ha ein kvinnedel på over 40%

- Auke medlemstalet kvart år med min. 50
- Bidra til at fleire lokallag gir sine medlemmer kurstilbod som Venstreskulen og andre kurs gjennom fylkeslaget og VHO.
- Arbeide for at både kvinner og menn melder seg inn i Venstre gjennom bruk av måltal og samarbeid med lokallag og sideorganisasjonar.

Delmål : Alle nye medlemmar skal ønskjast velkommen på ein god måte, som bidrar til større engasjement.

Tiltak:

- Fylkesleiar ringjer alle nye medlemmer frå kommunar der det ikkje er lokallag.
- Alle nye medlemmer skal få velkomsthelsing på e-post frå fylkesleiar/fylkeslaget

Å møte nye medlemmer slik at dei føler seg velkomne og verdsette er kanskje det viktigaste enkelttiltaket vi har for å bli eit større parti med fleire aktive medlemmer. Venstres Hovudorganisasjon har rutinar for å sende ut ei velkomstpakke straks etter at ein person har meldt seg inn i partiet. Parallelt med utsendinga av velkomstpakka blir lokallagsleiar og fylkeslaget/fylkesleiar varsla om nytt medlem.

For å sikre at flest mogleg av eksisterande medlemmer betalar, skal VHO etter siste purrerunde i august oppdatere fylkeslag og alle lokallag med oversikt over medlemmene. Lokallaga skal ha rutinar for at alle som ikkje har betalt på dette tidspunktet, blir kontakta direkte.

2. God økonomisk kontroll på drifta i det nye fylkeslaget

Tiltak - utgifter:

- Gjennomgå sekretariatsressursane i løpet av 2020
- Arrangere dei to neste fylkesårsmøta (i 2021 og 2022) og det neste nominasjonsmøte i Bergen, på rimelegast mogleg måte.
- Nominasjonsmøtet til Stortingsvalet 2021 skal arrangerast samtidig med fylkesårsmøtet, av økonomiske omsyn.

Grunna store skilnader i reisekostnader for lokallag så vil styret i løpet av 2020 sjå på om ein kan etablere ordning med reiseutjamning

3. Førebu og gjennomføre nominasjonsprosess og valkamp til Stortingsvalet 2021

Tiltak:

- Arrangere ekstraordinært fylkesårsmøte i 2020 som vel nominasjonsnemnd(er)*
- Etablere valkamputval hausten 2020

- Arrangere nominasjonsmøte i samband med fylkesårsmøte i 2021.

4. Engasjera lokallag i stortingsvalprogrambehandling og valkampplanlegging gjennom skulering av lokallagsleiar, folkevalde og kandidatar

Tiltak > Skulering for lokallag og folkevalde

- Det skal gjennomførast to lokalpolitisk nettverkssamlingar (LPN) kvart år
- Fylkesstyret skal vektleggje skulering av lokalpolitikarar og lokallagsleiarar, med særleg fokus på einmannsgrupper, folkevalde og leiarar.
- Alle lokallag bør delta med minimum éin representant på kvar LPN-samling. Fylkesstyret skal følgje dette opp tett.
- Fylkesstyret må sjå til at lokallaga vert inkludert i stortingsvalprogram-prosessen.
- Lokallagsleiarane får eigen opplæring på første nettverkssamling etter årsmøte.

Tiltak - Plan for reiseverksemd.

- Alle lokallag skal få tilbod om besøk kvart år av nokon frå fylkesstyret, ein fylkestingsrepresentant eller stortingsrepresentanten. Dette kan gjerne skje gjennom regionale samlingar og samarbeid lokallaga mellom.
- Der det er mogleg så kan digitale møter og kurs vere aktuelt

Tiltak - Tilgjengeleg for alle

- Det er eit mål at alle, uavhengig av funksjonsdyktigheit, skal kunne setja seg inn politikken vår og delta aktivt i partiarbeidet.

Sentralt i dette er lettlest informasjonsmateriale, dokument lett tilgjengeleg elektronisk og møtelokale med tilkomst for rørslehemma og opplegg for høyrselshemma.

Tiltak - Fylkesstyret skal vidareføre arbeidet med å vere ein politisk verkstad.

- For å oppnå dette er det viktig at stortingsrepresentanten og gruppeleiar for fylkestingsgruppa deltek på flest mogleg av styremøta.
- Styret bør vurdere å ha eit arbeidsutval som kan arbeide mellom styremøta, og førebu styremøta.
- Fylkeslaget skal bidra til at lokallaga nyttar seg av moglegheita til å gjere regionale/lokale saker nasjonale gjennom innspel/tips til stortingsgruppa.
- Fylkeslaget skal fremje fråsegner til landsstyremøta.

Tiltak - Informasjon

- Vestland Venstre skal ha oppdaterte heimesider og motivere lokallaga til å bruke sine nettsider aktivt.
- Vestland Venstre skal sende ut nyhendebrev på e-post omlag ein gong i månaden og elles når noko skjer.
- Styret skal ha ein strategi for å bli meir synlege på sosiale medium.

Tiltak- samarbeid med sideorganisasjonane

- Vestland Venstre skal vidareføre det gode samarbeidet med Vestland Unge Venstre, Hordaland Venstrekvinnelag og Vestland Liberale studentar, og vil arbeide for å sikre sideorganisasjonane god representasjon.

Tiltak – betre organisasjonsklima

- Etablere køyrereglar for god organisasjonskultur i Vestland Venstre og gjerne ta utgangspunkt i Venstres etiske retningslinjer.
- Bidra til at alle medlemmer i fylkeslaget har god kjennskap til regelverket

5. Politikktutforming og engasjement - Dra nytte av regjerings-deltakinga i det lokalpolitiske arbeidet

Delmål – Skape gode relasjonar mellom Regjering og lokale folkevalde.

Tiltak:

- Invitere medlemmene av regjeringa til konferansar, bedriftsbesøk samt andre aktivitetar som kan gje positiv mediemerksmd om Venstre nasjonalt, regionalt og lokalt. Fylkeslaget skal inkludere lokallaga i nærområda når ein har besøk frå regjeringsmedlemmer.

Vedtak: Handlingsplanen for Vestland Venstre vart vedteken slik den låg føre.

***Merknad til protokollen:** Ved handsaming av ÅM-11 Nominasjonsprosessen fram mot stortingsvalet i etterkant vart det vedteke å gå bort frå planen om ekstraordinært årsmøte for å velje nominasjonsnemnder (Sjå sak AM-11). Tilsvarende punkt vert difor retta i Handlingsplanen.

ÅM-13 Eventuell tilleggskontingent for 2021

Vedtakssak

På felles årsmøte i 2019 blei det vedteke ein tilleggskontingent på 100 kr for Vestland Venstre i 2020. Interimsstyret føreslår at vi held oss på same sats i 2021.

Vedtak: Årsmøtet vedtek ein tilleggskontingent på 100 kr for 2021

ÅM-14 Budsjett for 2020

Vedtakssak

Interimsstyret sitt forslag til Budsjett 2020 for Vestland Venstre:

Leiar av interimsstyret, Alfred Bjørlo presenterte forslaget til budsjett for 2020.

Han gjorde merksam på at det er eit førebels forbehold i forslaget.

På det tidspunkt interimsstyret laga eit forslag til budsjett for 2020 var det enno litt uklart kva midlar fylkestingsgruppa til Venstre vil få av midlar frå den nye fylkeskommunen. Gruppa har førebels sagt ja til at Vestland Venstre kan budsjettere med å få eit sekretariatstilskot på 380000 kroner frå dei i 2020, men då med eit atterhald om at dette må avklarast endeleg med fylkestingsgruppa når dei får ei samla oversikt over dei økonomiske rammevilkåra for fylkestingsgruppa. Fylkestingsgruppa ligg då an til å sitje att med kring 62500 kr av partistøtta til eigen aktivitet. Det må også lagast ein avtale som seier noko om kva fylkestingsgruppa då forventar av bistand frå sekretariatet i Vestland Venstre.

Bjørlo gjorde også merksam på at det er ein føringsfeil i budsjettforslaget som var sendt ut i sakspapira. Under inntekter er det oppført 96000 kr under posten Eigendelar landsmøtet, medan rett tal skal vere 76000 kr.

Overskotet i budsjettforslaget vert tilsvarande redusert til 20000 kr.

Desse hadde ordet i saka:

- Gunhild Berge Stang
- Åsta Årøen
- Marius Hellan Hindenes
- Atle Hamar
- Tobias Bashevkin
- Miriam Seim
- Alfred Bjørlo
- Bjørn Arne Mjåseth
- Jan Henrik Nygård

Endringsforslag: Frå Marius Hellan Hindenes – Auke tilskot til Vestland Unge Venstre frå 10 000 kr til 20 000 kr

Vedtak: Årsmøtet aukar tilskotet til Vestland Unge Venstre frå 10 000 kr til kr. 20 000 kr. Midlane blir tatt frå budsjettert overskot som då vert på kr. 10000,-

Heile budsjettet vedteke med denne endringa.

Vedteke budsjett for 2020:

INNETEKTER:		Budsjett 2020	Rekneskap 2019	Rekneskap 2019
		Vestland Venstre	Hordaland Venstre	Sogn og Fjordane Venstre
Offentleg stønad >stat	Merk 1	358 650,00	378 675,12	140 613,76
>fylke	Merk 2	0,00	130 900,00	367 171,00
Sekretariatstilskot frå fylkestingsgruppa	Merk 3	380 000,00	150 000,00	0,00
Medlemskontingent		132 000,00	76 385,00	23 170,00
Venstrevennbidrag	Merk 4	60 000,00	34 600,00	18 000,00
Gåver/valkampbidrag		0,00	0,00	0,00
Anna valkampinntekt		0,00	18 162,00	12 500,00
Tilskot studiearbeid (VS)	Merk 5	40 000,00	24 800,00	13 000,00
Tilskot frå VHO til LPN		35 000,00	31 131,00	24 399,00
Eigendelar landsmøtet	Merk 6	76 000,00	0,00	0,00
Eigendelar LPN-samlingar	Merk 7	20 000,00	0,00	9 750,00
Reiseutjamning LM/LS		10 000,00	3 691,00	17 628,00
Sal av administasjonstjenester		10 000,00	10 000,00	0,00
Inntekt av loddsal		20 000,00	10 657,50	10 657,50
Andre inntekter		0,00	12 513,84	0,00

Øreavrunding		0,00	0,10	0,00
Inntekt tidligere år		0,00	0,00	0,00
Renteinntekter		3 000,00	1 869,46	706,00
Sum inntekter		1 144 650,00	883 385,02	637 595,26
KOSTNADER:		Budsjett 2020	Rekneskap 2019	Rekneskap 2019
		Vestland Venstre	Hordaland Venstre	Sogn og Fjordane V
Lønskostnader sekretær		620 000,00	376 076,53	237 592,88
Kontorkostnader		15 000,00	24 082,48	4 571,48
Leige heimekontor		15 000,00	0,00	7 200,00
Lagerbod		4 000,00	1 103,33	0,00
Nytt datautstyr/ - program		10 000,00	6 634,00	0,00
Landsmøte	Merk 6	152 000,00	86 930,00	63 335,61
Reiseutjamning LS/LM		3 000,00	2 816,00	0,00
Fylkesårsmøtet		60 000,00	60 436,00	20 952,00
Fylkesstyret		30 000,00	29 828,70	30 906,20
Samanslåingsprosess		0,00	19 643,95	0,00
Fylkestingsgruppa	Merk 2/3	0,00	0,00	12 569,40
Landsstyremøte		40 000,00	18 331,00	25 700,00
LPN-samlingar		105 000,00	57 389,52	58 740,20
Andre møte		10 000,00	15 201,50	14 775,00
Nominasjonsnemnd		10 000,00	0,00	0,00
Nominasjonsmøtet		0,00	0,00	0,00
Overføring V-vennbidrag til lokallag	Merk 4	15 000,00	17 300,00	0,00
Organisasjonsarbeid		10 000,00	9 639,20	13 807,06
Valkamp		0,00	321 859,87	263 384,45
Valkamputval		3 000,00	0,00	0,00
Renter/gebyr		4 000,00	4 540,50	419,00
Vipps-gebyr		200,00	64,96	0,00
Gåver		1 450,00	1 647,50	647,50
Tilskot til Unge Venstre		20 000,00	13 000,00	0,00
Tilskot til Venstrekv.lag		5 000,00	6 000,00	0,00
Tilskot til Liberale studentar		0,00	0,00	0,00
Kjøp av materiell		0,00	0,00	0,00
Miljøpris	Merk 8	0,00	1 029,90	0,00
Kurs sekretær		0,00	2 380,00	0,00
Diverse		1 500,00	0,00	0,00
Øreavrunding		0,00	0,00	0,00
Utgift tidl. år		500,00	18 900,00	0,00
Tap på fordringar		0,00	0,00	30,00
Sum kostnader		1 134 650,00	1 094 834,94	754 630,78

Resultat		10 000,00	-211 449,92	-117 035,52
-----------------	--	------------------	-------------	-------------

Merknader

1. I 2020 får partia sine fylkeslag ei grunnstøtte på 66 128 kr og ei stemmestøtte på 26,54 per stemme ved fylkestingsvalet i statstilskot. Grunna dårleg valresultat -stemmetal - og høgare valdeltaking (<lågare sats per stemme), så kjem vi dårleg ut dei neste fire åra.

2. Ordningane for fylkeskommunen sine stønader til partia har vore ulik i dei to gamle fylka. I Hordaland har ein operert med både stemmestøtte, grunnstønad til gruppa, representantstøtte og frikjøpsmidlar, medan ein i Sogn og Fjordane ikkje har hatt representantstøtte. I Hordaland har fylkeslaget fått stemmestøtta direkte frå fylkeskommunen, medan fylkestingsgruppa har disponert all gruppestønad og frikjøpsmidlane sjølv og hatt eige budsjett og rekneskap. Sogn og Fjordane Venstre har fått alle midlane som har vore tiltenkt fylkestingsgruppa i si heilheit. Fylkeslaget har difor betalt for reiseaktivitet etc for representantane. Førebels er det noko uklart kva Vestland fylkeskommune vil gi av midlar til partiet/gruppa.

3. I Hordaland har fylketingsgruppa betalt sekretariatstilskot til fylkeslaget frå sine midlar. Interimsstyret har avklart med fylkestingsgruppa for Vestland Venstre at dei førebels ser for seg å betale fylkeslaget eit sekretariatstilskot på kr 380 000 kr i 2020. *Sjå merknad om føremon øvst i saka.*

4. I Hordaland har halvparten av dei innkomne Venstre-venn-bidraga blitt overført til givarens lokallag. *Sjå under Kostnader*

I Sogn og Fjordane har fylkeslaget behalde heile bidraget sjølv. I budsjettforslaget for 2020 går 25% til givarens lokallag, medan fylkeslaget beheld 75%

5. Hordaland har ført dette etterskotsvis for året før her sidan studiestøtta frå Venstres Studieforbund først utbetalast i mars/april. Sogn og Fjordane har førehandberekna for inneverande år.

6. I Hordaland har ein ikkje hatt eigendelar for landsmøteutsendingane i 2019. I Sogn og Fjordane V har ein hatt 1500 kr i eigendel for LM-utsendingane dei siste (10) åra, men dette er trekt frå på LM-kostnad i reknekapen. Interimsstyret foreslår ein eigendel for Landsmøteutsendingane på 4000 kr. Det koster faktisk ca. 8000 kr per pers.

7. Deltakaravgift/eigendel har vore krevd inn for LPN-samlingane, men har vore trekt frå på kostnadsposten, ikkje ført som inntekt. Gjeld begge lag.

8. Interimsstyret ønskjer at det vert delt ut ein miljøpris i 2020, men at det ikkje følgjer med dyr gåve.

ÅM-15 Fråsegner

Vedtakssak

26 forslag til fråsegner var innsendt til årsmøtet. Redaksjonsnemnda ved Are Kvistad la fram forslag på å handsame seks fråsegner.

Dette var **redaksjonsnemnda sitt framlegg** til kva 6 fråsegner som dei ville at årsmøtet skulle handsame (merk: red.nemndas samskrivne forslag framgår i egne vedlegg):

Nr 5. (revidert) Et grønnere Vestland (frå redaksjonsnemnda)

Revidert, basert på fråsegner:

2. *Ferjekostnader for næringsliv og brukarar i distrikta (frå Askvoll Venstre)*
3. *Et grønnere Vestland (frå årsmøtet i Vestland Unge Venstre)*
4. *Fleire kollektivreisande i heila fylket (frå Geir Angeltveit)*

Nr 19. Stad Skipstunnel: Ingen fleire utsetjingar! (frå lokallaga i Bremanger, Kinn og Stad)

Nr 8. Fremtiden er elektrisk (frå styret i Vestland Unge Venstre)

Nr 20. (revidert). Vi treng ein ombruks- og reparasjonsrevolusjon: Momsfritak er det som trengs. (basert på forslag frå: Tom Hiis Bergh, Alfred Bjørlo, Gunhild Berge Stang, Geir Kjell Andersland og Agnes Hoshovde Bernes)

Nr 4. Ansvarlig næringsliv (frå årsmøtet i Vestland Unge Venstre)

Nr 12. (revidert) Norge inn i EU (frå redaksjonsnemnda)

Revidert forslag basert på fråsegner:

9. *Sterkere sammen (frå styret i Vestland Unge Venstre)*
10. *Økt internasjonalt samarbeid og europeisk integrasjon (fra årsmøtet i Bergen Venstre)*

Tal på fråsegner

Desse hadde ordet:

- Geir Kjell Andersland - foreslo å handsame 7 fråsegner
- Elizabeth Toft Erichsen - foreslo å handsame 4 fråsegner
- Idun Bortne
- Bjørn Arne Mjåseth
- Heine Johansen - foreslo 5 fråsegner

Voteringar på forslaga sett opp mot redaksjonsnemnda sitt forslag.

Vedtak: Redaksjonsnemnda si innstilling på 6 fråsegner vedteke

Prioritering av fråsegner til handsaming

Desse hadde ordet:

- Eivind Tokheim
- Geir Kjell Andersland
- Torbjørn Solhaug Mjåseth
- Jacob Nødseth
- Gard Aasmund S. Johanson
- Alfred Bjørlo

- Gunn Merete Paulsen

Følgjande framlegg vart sett fram:

Eivind Tokheim: Fråsegn 21 vert sett opp mot fråsegn 8, 20, 4 og 12.

Geir Kjell Andersland: Fråsegn 13 vert sett opp mot fråsegn 8

Torbjørn Solhaug Mjåseth: Fråsegn 1 vert sett opp mot fråsegn 12

Jacob Nødseth: Fråsegn 13 vert sett opp mot fråsegn 12

Voteringar:

Fråsegn 5 – ingen motforslag. Vert samrøystes handsama vidare i årsmøtet

Fråsegn 19 – ingen motforslag. Vert samrøystes handsama vidare

Fråsegn 12 – tre motforslag, fråsegn 21, 1 og 13

Alternativ votering fråsegn 21, 1 og 13

Fråsegn 21 – 65 stemmer

Fråsegn 13 – 42 stemmer

Fråsegn 1 – 5 stemmer

Alternativ votering fråsegn 21 og 13

Fråsegn 21 – 65 stemmer

Fråsegn 13 – 42 stemmer

5 blanke stemmer

Alternativ votering fråsegn 12 og 21

Fråsegn 21 – 71 stemmer

Fråsegn 12 – 42 stemmer

Resultat at avstemming: Fråsegn 21 vert handsama vidare

Fråsegn 13 sett opp mot fråsegn 8

Fråsegn 13 – 46 stemmer

Fråsegn 8 – 53 stemmer

3 blanke stemmer

Resultat av avstemming: Fråsegn 8 vert handsama vidare

Fråsegn 4 og 20 – Stod baae att utan motforslag. **Resultat:** Dei vert handsama vidare i møtet

Framlegg frå Torbjørn Solhaug Mjåseth:

Fråsegn 1 vert sendt over til fylkesstyret for vidare handsaming.

Framlegg frå Alf Helge Greaker:

Fråsegn 13 vert sendt over til fylkesstyret og Internasjonalt utval for vidare handsaming.

Vedtak prioritering:

Fråsegn 4, 5 (revidert versjon), 8, 19, 20 (revidert versjon) og 21 vert vidare handsama i årsmøtet.

Fråsegn 1 og 13 vert oversendt Fylkesstyret for vidare handsaming. Fråsegn 13 vert i tillegg sendt til Internasjonalt utval i Venstre.

Frist for endringsforslag vart sett til kl. 19.30 laurdag kveld.

.....

Endeleg handsaming av dei prioriterte fråsegnene

Are Kvistad presenterte redaksjonsnemnda si tilråding til dei innkomne endringsforslaga.

Det hadde kome inn 12 forslag til endringar i fråsegnene innan fristen

Fråsegn 20 (revidert versjon): *Vi treng ein ombruks- og reparasjonsrevolusjon: Momsfritak er det som trengs*

Ingen forslag til endringar - samrøystes vedteken

Fråsegn 4: *Ansvarlig næringsliv*

Ingen forslag til endringar - samrøystes vedteken

Fråsegn 19: *Stad skipstunnel: Ingen fleire utsetjingar!*

Ingen forslag til endringar - samrøystes vedteken

Fråsegn 5 (revidert versjon): *Et grønnere Vestland*

Forslag frå Jan Henrik Nygård, Kinn Venstre:

Linje 37: Legge til *Hurtigbåt*-tilbud der det står ferjetilbud.

Redaksjonsnemndas tilråding: Forslaget støttes.

Samrøystes teke inn

Forslag frå Bjarte Haugen, Sogndal Venstre:

Linje 34: Tillegg før (...): *Gode kollektivvaner starter (...): Det er i dag ingen gode tilbod til ungdommar som er under 16 år som brukar kollektivtransport til og frå fritidsaktivitetar der kollektivtilbodet er blanda mellom lokale transportørar og regionale ruter som og pliktar å køyre lokale ruter.*

Redaksjonsnemndas tilråding: Forslaget støttes.

Samrøystes teke inn

Linje 51: Nytt kulepunkt: *Gjøre det mulig å kjøpe ungdomsbilletter fra 10 år*

Redaksjonsnemndas tilråding: Forslaget avvises.

Forslaget avvist mot 5 stemmer

Heile fråsegna vedteken med dei to justeringane

Fråsegn 8: *Framtida er elektrisk*

Desse hadde ordet:

- Njaal Neckelmann
- August Simonsen
- Eivind Tokheim
- Anders W. Nilsen
- Anne-Beth Njærheim
- Atle Hamar

To endringsforslag

Forslag frå Eivind Tokheim, Ullensvang Venstre:

Linje 7, side 6: Slette kulepunkt *Sørge for at det bygges flere utenlandskabler til Europa.*

Grunngjeving: *Må få kontroll på effekten av nye utanlandskablar før ein bygger endå fleire.*

Redaksjonsnemndas tilråding: Forslaget støttes.

Avstemming: For å slette kulepunktet: 55, Mot å slette kulepunktet: 41

Resultat: Kulepunktet vert stroke

Linje 12: Slette siste kulepunkt *Endre skattesystemet for vannkraft, slik at oppgraderinger som er lønnsomme for samfunnet, også lønner seg for kraftselskapet*

Grunngjeving: Er mykje dekkja gjennom fråsegn 21.

Redaksjonsnemndas tilråding: Forslaget avvises.

Avstemming: Kulepunktet vert ståande - mot 3 stemmer

Heile fråsegna vedteken med den eine endringa.

Fråsegn 21: *Forkast kraftskatteutvalet sin rapport*

Atle Hamar hadde kome med eit nytt heilskapleg framlegg til tekst.

Redaksjonsnemnda stør framlegget frå Hamar fordi det er meir konkret.

Forslag frå Atle Hamar, Sunnfjord Venstre: Forslag til ny tekst for heile fråsegna:

KOMMUNANE SKAL SIKRAST KRAFTINNTEKTER

Regjeringa må legge vekk utgreiinga til kraftskatteutvalet og fjerne den usikkerheit som er skapt når det gjeld kommunane sine budsjett, økonomiplanar og forvaltning av konsesjonskrafta.

Regjeringa må legge fram eit forslag til skattesystem som fremjar modernisering og effektivisering av eldre kraftverk og linjenett.

Vestland Venstre vil oppretthalde systemet med konsesjonsavgifter og konsesjonskraft. Vi skal ivareta Venstrearven frå Castberg og Knudsen, som sikrar prinsippet om at kommunar som avgir naturressursar til storsamfunnet, skal få kompensert for den kostnaden tap av natur er.

Eigedomsskatt på vasskraftanlegg må framleis bereknast utfrå marknadsvardi. Reglane for grunnrenteskatt vert endra slik at den berre omfattar superprofitten. Det vert ikkje innført grunnrenteskatt på småkraft under 10 000 KVA.

Vestland Venstre støttar utvalgets forslag om å gjere ei vurdering av om det bør innførast grunnrenteskatt og naturressurskatt for vindkraftverk, og dette bør skjje seinest i løpet av 2021.

Desse hadde ordet:

- Atle Hamar
- Njaal Neckelmann
- Eivind Tokheim
- Jean-Clément Lemaire
- Alfred Bjørlo

Eivind Tokheim trekte det opphavlege forslaget og det nye forslaget frå Atle Hamar låg dermed til grunn for vidare handsaming.

Forslag frå Njaal Neckelmann, Bergen Venstre: Forslag til tillegg til Atle Hamars forslag:

Venstre mener at en viktig del av det grønne skiftet vil være å utnytte eksisterende vannkraftressurser bedre. Venstre mener at det må gis insentiver for oppgradering og effektivisering av vannkraftverk, og er åpne for at skattesystemet kan være virkemiddel her, uten at det går ut over kommunenes eksisterende kraftinntekter. Opprustning av eksisterende vannkraftverk vil gi kraftkommunene på Vestlandet en styrket rolle som leverandør av grønn energi, og samtidig kunne bidra til et mindre behov for utbygging av annen kraft, eksempelvis vindkraft, i sårbare naturområder.

Redaksjonsnemndas tilråding: Forslaget støttes som tillegg til forslag fra Atle Hamar

Tillegg vedteke tatt inn

Jean-Clément Lemaire trekte sitt eine forslag som var retta til Hamar sin tekst. Resten av endringsforslaga fell fordi det opphavlege tekstforslaget var trekt.

Heile fråsegna vedteken med desse justeringane

ÅM-16 Val av landsmøteutsendingar

Vedtakssak

Vestland Venstre kan sende totalt 19 utsendingar til Landsmøtet i Venstre 17. - 19. april etter regionreforma og etter at vedtektene for Venstres Hovedorganisasjon vart tilpassa konsekvensen av denne etter Landsmøtet i mars 2019.

Tidlegare har kvart fylkeslag hatt ein representant i Landsstyret, fylkesleiar, uavhengig av storleiken på fylkeslaget, medan Vestland frå nyttår fekk rett på 3 utsendingar til Landsstyret i 2020. Til Landsmøtet kan Vestland difor sende 16 ordinære utsendingar og dei 3 i Landsstyret.

Sidan vedtektene ikkje seier noko om kven som skal representere eit fylkeslag i Landsstyret etter dei nye reglane og ingenting om kven som peiker ut kven desse er, så er det naturleg at fylkesårsmøtet får ta del i ein debatt på dette. Difor har valnemnda fått i oppgåve frå interimsstyret å inkludere dei 3 dei mener bør representere Vestland i Landsstyret i den totale lista på 19 (3+16).

Leiar av valnemnda, Judith Kapstad, presenterte innstillinga.

Valnemnda legg fram forslag til følgjande **prinsipp for innstilling til landsmøtedelegatar:**

Desse skal ha plass, og i slik rekkefølge:

- Leiar og nestleiarar Vestland Venstre
- Gruppeleiar fylkestinget
- Leiar Vestland Unge Venstre og Vestland Venstrekvinnelag
- Byrådar (gruppeliear kan erstatte ein byråd) og ordførarar
- Varaordførarar
- Leiar Bergen Venstre
- Leiar Bergen Unge Venstre (dissens, mindretalet (3 av 7) ønskjer dette stroke)
- Statsrådar
- Statssekretærar

Valnemnda har hatt som mål at prinsipp for samansettinga av landsmøteutsendingar skal gjenspegle mangfald og styrke i Vestland Venstre. I tillegg til posisjonane over, skal ein søke etter personar som har utmerka seg med å gjere ein særleg god jobb for Venstre. Ein skal også søke etter personar som er viktige for mindre lokallag der deltaking på landsmøte kan styrke motivasjonen. Ein skal så langt som råd er søke kjønnsbalanse og geografisk spreing.

Desse hadde ordet i debatten om prinsippa:

- Grete Line Simonsen - gjorde merksam på endring i regjering og dermed statssekretærar
- Elizabeth Toft Erichsen - foreslo å ta ut prinsipp om statssekretærar og statsrådar
- Gard A. S. Johanson
- Alfred Bjørlo
- Ane Breivik
- Erlend Horn
- Kjersti Vevatne (observatør – tok ordet til dagsorden)

Alfred Bjørlo klargjorde at prinsippa ikkje kan vedtakast som vedtekter for Vestland Venstre, då vedtektene allereie har vore handsama og ei endring i vedtektene ville uansett ikkje fått umiddelbar verknad.

Desse prinsippa er berre eit grunnlag for handsaminga av saka, som er Val av landsmøteutsendingar.

Valnemnda si innstilling:

LANDSMØTEDELEGATAR FRÅ VESTLAND VENSTRE 2020 (med merknad om kven som er innstilt til landsstyreplass)

Valnemnda har følgd forslaget til prinsipp for innstilling av landsmøtedelegatar. Plass 1-3 gjeld det nye fylkesstyret, og her har vi ført opp valnemnda si innstilling i desse verva.

- | | |
|------------------------|--|
| 1. Åsta Årøen | Bergen, leiar Vestland Venstre (innstilt til landsstyreplass) |
| 2. Jan Henrik Nygård | Kinn, 1. nestleiar Vestland Venstre (innstilt til landsstyreplass) |
| 3. Agnes H. Bernes | Alver, 2. nestleiar, Vestland Venstre |
| 4. Gunhild Berge Stang | Fjaler, gruppeleiar Vestland Venstre (innstilt til landsstyreplass) |
| 5. Ole Martini | Stad, leiar Vestland Unge Venstre |
| 6. Kari Østervold Toft | Øygarden, leiar Vestland Venstrekvinnelag |
| 7. Julie Andersland | Bergen, gruppeleiar Bergen Venstre |
| 8. Alfred Bjørlo | Stad, ordførar |

Plass 1-8 valde ved akklamasjon

- | | |
|------------------|-----------------------|
| 9. Gunnar Osland | Askvoll, varaordførar |
|------------------|-----------------------|

Gunnar Osland orienterte om at han ikkje kan møte på Landsmøtet og foreslo at Bjørn Arne Mjåseth, også Askvoll, får hans plass.

Jo Lerheim foreslo at Mathias Fischer, ny statssekretær og medlem i Bergen, får denne plassen.

Skriftleg votering. Mjåseth fekk 58 stemmer, Fischer fekk 52 stemmer.

Bjørn Arne Mjåseth, Askvoll, vald

- | | |
|-------------------------|--|
| 10. Torstein Tvinnereim | Stryn, varaordførar |
| 11. Ane Brevik | Bergen, leiar Bergen Venstre |
| 12. Solveig Hillestad | Askøy, leiar Bergen Unge Venstre |
| 13. Atle Hamar | Sunnfjord, (Statssekretær då innstilling blei lagt fram) |
| 14. Kristin Golf | Etne |
| 15. Per Arne Larsen | Bergen |
| 16. Eivind Tokheim | Ullensvang |
| 17. Anne-Beth Njærheim | Bømlo |

Plass 10-17 valde ved akklamasjon

- | | |
|---------------------|---------|
| 18. Bjørn Tore Sund | Osterøy |
|---------------------|---------|

Jo Lerheim foreslo Mathias Fischer, ny statssekretær, i staden for Sund på denne plassen. Skriftleg votering. Sund fekk 69 stemmer og Fischer fekk 43 stemmer.

Bjørn Tore Sund, Osterøy, vald

19. Peder Lofnes Hauge, Bergen

Leif Inge Underdal foreslo Mathias Fischer i staden for Hauge på denne plassen. Det vart opplyst frå salen at Fischer ikkje ønskjer å stille i fleire kampvoteringar og Underdal trekte forslaget.

Peder Lofnes Hauge, Bergen, vald

Varautsendingar:

20. Jacob Nødseth, Kinn
21. Elin Seim, Voss
22. Elizabeth Toft Erichsen, Øygarden
23. Elias Slåtten, Sunnfjord
24. Astrid Dale, Bjørnafjorden
25. Are Kvistad, Sogndal
26. August Simonsen, Bergen
27. Heine Johansen, Bergen
28. Njaal Neckelmann, Bergen
29. Tallak Rundholt, Bergen
30. Dina Bovim, Kinn

Folka til varaplassane 20-30 valde ein og ein ved akklamasjon

Det kom forslag på Geir Angeltveit og Alf Helge Greaker som tillegg til varalista. Begge vil uansett delta som observatørar på Landsmøtet.

31. Geir Angeltveit, Stord, 2. nestleiar
32. Alf Helge Greåker, Bømlo

Angeltveit og Greaker valde som varautsendingar

Eige vedtak på dei 3 landsstyrerepresentantane:

Forslag: Åsta Årøen, Jan Henrik Nygård og Gunhild Berge Stang

Vedtak: Dei vart valde

Vedtak: Heile lista vald med desse endringane

Fylkesstyret har mynde til å supplere varalista og utnemne vara til landsstyret ved eventuelt forfall

ÅM-17 Landsmøtetema 2020 – Prinsippprogrammet

Drøftingssak

Nytt prinsippprogram for Venstre skal handsamast på landsmøtet våren 2020. Dei første tre kapitla blei handsama og vedteke på landsmøtet i fjor. Prinsippprogrammet (kapittel 4-10) blir også tema for landsmøtet i 2020, der enkelte tema blir løfta til debatt og retningsval.

Nybakt Klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn har sete i programkomiteen og innleidde om programutkastet. Han gjekk gjennom hovudpunkta i kvart kapittel og særskilt dei seks dissensane.

Deretter innleidde Åsta Årøen til debatt.

Interimsstyret for Vestland Venstre hadde lagt opp til at dette skulle vere ei drøftingssak på årsmøtet og ønske ein open debatt om utkastet til nytt prinsippprogram. Alle medlemmer kan innan 3. mars sende inn endringsforslag individuelt direkte til Landsmøtet/Venstres Hovedorganisasjon via eit elektronisk skjema.

Det var på førehand oppfordra til at dei av delegatane som ønske å løfte fram eit forslag til debatt på fylkesårsmøtet, kunne sende innspel til interimsstyret via eit eige elektronisk skjema innan torsdag 6. februar. Det var berre kome inn eit innspel på førehand.

Det vart ein debatt i møtet om kor vidt fylkesårsmøtet skal votere over dissensane som ligg i utkast til nytt prinsippprogram.

Desse hadde ordet i den debatten:

- Ane Breivik
- Gunhild Berge Stang
- Gunnar Osland
- Alfred Bjørlo
- Gard A. S. Johanson
- Åsta Årøen
- Bjørn Tore Sund
- Geir Kjell Andersland
- Jon Frogner
- Eivind Tokheim
- Vigdis Tønning

Det vart avstemming på om ein skulle votere over dissensane.

Det vart klart fleirtal for å votere over dissensane. Voteringsmåte - for, mot eller nøytral.

Premiss: Votering er ikkje bindande for delegatane til landsmøtet. Det er berre ei rettleiing.

Desse hadde ordet til programforslaget/dissensane:

- Atle Hamar
- Geir Kjell Andersland
- Arild Horn
- Astrid Knutsen Hårstad
- Åge Avedal

- Gard A. S. Johanson
- Odrun Vellene Vevatne
- Åsta Årøen
- Gunn Vivian Eide
- Gunhild Berge Stang
- Alfred Bjørlo
- Anders Waage Nilsen
- Geir Kjell Andersland
- Alf Helge Greaker
- Erlend Horn
- Gunhild Berge Stang
- Atle Hamar

Votering over dissensane:

Kvinner sin rett til sjølvbestemt abort

Fleirtalet si innstilling fekk fleirtal

Mindretalet si innstilling om 18 veker fekk 3 stemmer

Mindretalet si innstilling om 12 veker fekk 2 stemmer

Valordninga

Fleirtalet si innstilling fekk fleirtal

Mindretalet si innstilling fekk 7 stemmer

Eutanasi (Aktiv dødshjelp)

Delt innstilling frå programkomiteen.

Alternativ 1 fekk fleirtal med 56 stemmer

Alternativ 2 fekk 37 stemmer

Blanke stemmer: 10

Skatt

Fleirtalet si innstilling fekk 31 stemmer

Mindretalet si innstilling om å stryke setninga fekk 66 stemmer og dermed fleirtal

Livssynsopne samfunn

Fleirtalet si innstilling, om å behalde setninga, fekk fleirtal med 50 stemmer

Mindretalet si innstilling fekk 40 stemmer

4 blanke stemmer

Europeisk samarbeid

Fleirtalet si innstilling fekk fleirtal med 71 stemmer

Mindretalet si innstilling fekk 26 stemmer

Blanke stemmer: 8 stemmer

ÅM-18 Val av redaksjonsnemnd for fylkesårsmøtet 2021

Vedtaks sak

Valnemnda si innstilling:

Redaksjonsnemnd for fylkesårsmøtet 2021

1. Jo Lerheim, leiar
2. Tom Hiis Bergh
3. Jakob Nødseth
4. Elizabeth Toft Erichsen
5. Synnøve Handeland

Vara: Kjersti I. Vevatne

I tillegg har sideorganisasjonane rett på ein representant kvar som dei sjølv peikar ut.

Vedtak: Valnemnda si innstilling til redaksjonsnemnd for fylkesårsmøtet 2021 vart vedteken.

ÅM-19 Orientering om stortingsvalprogramprosessen

Orienteringssak

Orientering ved Erlend Horn

.....

Nyvald leiar Åsta Årøen avslutta møtet og ønskte vel heim.

Utrykte vedlegg til protokollen:

- Oversikt over innkomne forslag til politiske fråsegner
- Redaksjonsnemnda sine reviderte versjonar av tre fråsegner
- [Lenkje til utkastet til nytt prinsippprogram for Venstre](#)